

Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Dato	22.02.2023
Vår referanse	2022/85490-6
Dykkar referanse	20/2334 - 23/1414
Sakshandsamar	Tone Bøyum
E-post	Tone.Boyum@vlfk.no
Telefon	47781807

Svar - Fv. 57 Lindåsvegen - breiddedimensjonering av bru - eigarskap, drift- og vedlikehald - Bruvoll Bustadområde - planID 1263201310 - Alver kommune

Vestland fylkeskommune viser til brev frå Alver kommune datert 05.01.2023.

Statens vegvesen fremja motsegn til plan då den var på høyring i 2019. Motsegn gjaldt mellom anna manglande trafikktryggleiksvurdering både for kryssløysing, siktliner, trygg tilkomst for gåande og vurdering av eksisterande bru. Kommunen stiller i brevet konkrete spørsmål som gjeld breiddedimensjonering av privat veg og privat bru som går over fv. 57 Lindåsvegen.

Reguleringsplan for Bruvoll bustadområde som er under planlegging legg til rette for tilkomst om privat veg til nytt bustadfelt. Som vegmynde har vi hatt fleire merknader knytt til denne tilkomstvegen, under dette kven som skal stå som eigar, og kven som skal ha ansvar for drift og vedlikehald, og at mjuke trafikantar skal vere sikra eit godt tilbod. Det er vårt primære syn at tilkomst til bustadområder bør vere offentlege, Kommunen svarer likevel at dei vil ikkje ta ansvar for tilkomstvegen.

Våre innvendingar har mellom anna vore at dimensjonering av veg og bru skal ha lik breidde for køyrefelt og fortau. Dette for å ta i vare trafikktryggleiken med eit einsarta tilbod og for at mjuke trafikantar skal ha eit akseptabelt tilbod. Sidan vegen og brua no vert regulert som privat, er det ikkje same krav til utforming som offentleg veg. Handbøkene våre omfattar ikkje privat veg, vil det heller ikkje vere krav om å søkje fråvik der vegutforming ikkje følger handbøkene. Det vil etter dette vere kommunen som må svare på om utforming av vegen er akseptabelt og trafikksikkert nok for den bruk som det leggst opp til. Vi minner samstundes om *Regional areal- og transportplan (2017)* som seier at større bustadfelt skal ha dokumentert trygg veg til grunnskule og kollektivstopp, jf. § 5.4.

Når det gjeld framlegg til vegprofil som plankonsulent har foreslått meiner vi det kan vere ein akseptabel løysing å støype armert betongplate over heile brua, og kantdragere med køyresterkt rekkverk på begge sider. Prosjektert løysing viser berre kantdragere og køyresterkt rekkverk på eine sida, men vi meiner altså at det skal etablerast på begge sider. Løysinga må godkjennast hos kontroll og godkjenning i Vegdirektoratet og hos oss før forsterking og utbetring kan starte. Utbygger må stå for kostnadene.

Vestland fylkeskommune vil vise til at ansvar for drift og vedlikehald følgjer veglova § 54 som seier at pliktene fell på brukar. Vi vil difor rå til at dette ansvaret kjem tydeleg fram av planomtalen, slik at dette er klargjort før planen vert vedtatt. Kommunen må vurdere om det er handlingsrom i plan- og bygningslova for å setje relevante krav om dette i føresegner til planen. Vestland fylkeskommune vil framleis stå for inspeksjon av brua.

Det var Statens vegvesen som i si til fremja motsegn til plan. Etter opphøyr av Sams vegadministrasjon har Vestland fylkeskommune overtatt ansvar for forhold som gjeld forvaltning av fylkesvegnettet. Det er ei semje om at det er Statens vegvesen som formelt sett kan trekke motsegn i denne saka. Vi har

ikkje mottatt nytt planframlegg sidan planen var på høyring i 2019 og vi meiner det er behov for å vurdere planen samla, før det er aktuelt å trekke motsegn, også for dette punktet som er til uttale no.

Med helsing

Mats Korneliussen

leiar

INV - Forvaltning Bergensområdet

Tone Bøyum

senioringeniør

INV - Forvaltning Bergensområdet

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:

STATENS VEGVESEN BERGEN KONTORSTED

Postboks 874 Sentrum

5807

BERGEN

STATSFORVALTAREN I VESTLAND AVD BERGEN

Kaigaten 9

5020

BERGEN